

# K Y R K J E B L A D

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7

Desember 1994

48. årg.



## Å DU HEILAGE

Å du heilage, nådeberande  
julefest med Guds fred på ny!  
Dagen er runnen,  
sigren er vunnen  
Gled deg, å gled deg du kritsenlyd

Å du heilage, nådeberande  
julefest med Guds fred på ny!  
Krist kom med ære,  
vår skal han være!  
Gled deg, å gled deg, du kristenlyd

Å du heilage, nådeberande  
julefest med Guds fred på ny!  
Kristus er frelsar!  
han vi no helsar!  
Gled deg, å gle deg, du kristenlyd

Johannes D. Falk/o Bjarne Slapgard

## TA IMOT OG GJE VIDARE

### LAT OSS IKKJE GÅ OG VENTE LENGER!

Guds son er jo fødd til verda. Det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Du har heilt sikkert hørt om denne hendinga!

Før Jesus var fødd, då venta dei. Profetane grunna og forska og freista å finne ut kva tid Messias skulle kome (1 Pet. 1,10 f). Simeon og Anna, dei venta spent i tempelet på tida som skulle kome med trøyst for Israel (Luk. 2,25). Men ikkje vi. Vi skal ikkje vente lenger. Frelsaren er fødd. Den nye tida har starta. Guds son har tatt bustad mellom oss. Det finst menneske som kan fortelje at dei såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning (Joh. 1,14).

Adventstid er ventetid, heiter det. Og det er rett, vi ventar på å høre bodskapen ein gong til. Vi førebur oss til å høre juleevangeliet lese i kyrkje og stove.

Vi må berre ikkje leve som om Frelsaren ikkje var fødd! «Han var i verda, og verda har vorte til ved han, men verda kjende han ikkje», står det i Joh. 1,10. «Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje omot han.» I dag skal du ta stilling til Jesus. Så kan du høre juleevangeliet denne julehelga og vite at det gjeld deg!

### LAT OSS IKKJE GÅ OG TEIE LENGER!

«Englene sang den først for for markens hyrder; skjønt fra sjel til sjel det lød: «Fred over jorden, menneske, fryd deg! Oss er en evig Frelser født!»

Frå sjel til sjel har julebodskapen tont. Det kom til ei bestemor ved barnesenga og til læraren på skulen. Tonen stoppa ikkje med dei, vi òg fekk høre den. Mange tok imot bodskapen som dei hørde og nyttet retten til barnekår hjå Gud.

Men sidan vart tonen reint for lydlaus. Det er folk som seier at dei ikkje kan høre den nokon plass. Ikkje eingong hjå deg og meg. Er ikkje bodskapen for alle? Har ikkje generasjonar etter oss òg rett til å verte Guds barn, om dei tar imot Jesus? Enno dírrar englesong over Betlehemsmarka. Men vi må sjå til at det blir ei fortsetjing, slik at det er mogeleg å høre songen i vår tid òg.

Vi vil ikkje vente lenger. Vi vil ikkje teie lenger. Lukkeleg vil vi prise Gud for Jesus og retten til å verte Guds barn. Vi vil gjere det i dag og i denne julen. Tonen frå himmelen må aldri stilne, men gje etterklang i røyster som prisar Guds namn.

Ole D. Hagesæter



## Å vera velkommen

Det kjennes godt å vera velkommen. Anten ein kjem uventa på besök, er invitert til eit samkome, eller har flytta til ein ny stad. Det siste har vi gjort i år, vi har vorte innflyttarar på Dale, i Vaksdal kommune. Og vi føler oss velkomne, det gjer vi. Fra vi kom har folk vore venlege og gode, og det gjer oss godt.

No skal vi då feira vår første jul her. Det gler vi oss til, særleg sidan vi få vera saman med iallefall litt av den nærmaste familien vår. No kan vi berre vi finn ein god plass til juletreeet i lava, og at ingen av gutane riv det ned! I fjor måtte vi på jakt etter ny fot til treeet seit veslejulaftan, fordi den vi hadde braut saman - vi skulle nok ikkje stolt på ein av plast. Men vi sende ut eit naudrop gjennom nærradioen i Havøysund som hadde sin julesending den kvelden. Og raskt fekk vi 2-3 tilbod, og har derfor no ein god, gammal fot av jarn, som vi fekk frå nokon greie folk oppe i Fjellveien. Det er fint med folk som vil hjelpe.

\*\*\*

Han som kom den gongen, den første jula, han var ikkje mykje velkommen. Rett nok var det vismenn og englar som hylla han. Og mora og faren var glade. Men kongen i landet ville ikkje vita av han, sjølv om han til vismennene sa at han og ville hylla den nysfødde. Han sette igang ein operasjon for å ta han av dage, men den sleske familien vart åtvarta. Dei flykta til Nabolandet, og berga livet på det viset. Seinare, då guten vart vaksen, blei det ikkje så mykje betre. Mange sto han etter livet, sjølv om han hadde vener og. Til slutt fekk dei tak i han, og tok livet hans.

Historia sluttar ikkje med dette. For Jesus, Guds Son, sigra over dødsmaktene, vart levande igjen, og lever i dag.

Kvífor brydde han seg med å koma, når han hadde ein slik velkomst i vente? Fordi han elskar oss så mykje at han kunne ikkje sjå på at vi vart fortapte, utan å gjera det han kunne for å frelsa oss. Utan å gjera alt det som var naudsynt for at vi skulle verta berga, faktisk.

Vi skal no feira at Jesus kom. Kva med å taka skikkeleg imot han? Lat han vere velkommen i alle heimar og hjarter denne jula, slik at vi alle får bli kjent med han. Då er det vi kan få ei velsigna julehøgtid.

**GOD JUL TIL DYKK ALLE!**

Venleg helsing  
Frode Kvamsøe med familie

## JULEBUDSKAPEN

Da hyrdene på marken lå og voktet sine får.  
Da Englen kom fra himlen hans stemme til den når

Forfærdes ei var Englens ord  
det kjærleg til dem lød.  
I dag er skjedt i Betlehem,  
en Frelser der er født.

Det vederfares alle folk  
som rundt på jorden bor.  
Ja, slik det lød fra Englens munn  
det var hans egne ord.

Og dette skal de ha til tegn,  
de ord jeg nå har sagt.  
I Betlehem de finne skal,  
et Barn i krybben lagt.

Og straks det var hos Engelen  
en skare meget stor.  
De priste Gud i Himmelen  
med sang av jubelkor.

Ja, ære være deg ò Gud  
som i det høye bor.  
Du haver sendt dei egen sønn  
til mennesker på Jord.

John Stole

## PENSJONIST-TUR

Torsdag 18. august skipa Stamnes sokneråd til pensjonist-tur. Turen starta med buss fra Eidsland kl. 8.00. og gjekk via Stamnes, Dale, Voss og til Kvandal. I Kvandal tok me ferje til Utne.

På Hardanger Folkemuseum tok Ågot Gammersvik, som er utflytta stamnesing, mot oss. Ho viste oss rundt inne i museet, og ute i tunet der det var mange gamle hus.

### TEMA

Temautstillinga i storsalen var vatn. Kjell Thorjussen hadde utstilling av maleri og litografiar, der alle bileta hadde vatn som tema. Det kunne vera alt frå foss til bekker, hav og elvar.

### UTNE HOTELL

På Utne Hotell vart me godt mottekne av Anne Reigstad, som serverte kjempegode heimelaga kjøtkaker og heimelaga karamellpudding. Hotellet var eit museum i seg sjølv. Der hang det gamle ting rundt på veggene. Inventaret var også frå eldre tider.

Etter stoggen i Utne bar det med buss til Jondal og ferje til Tørvikbygd. Vidare for me over Kvamskogen og var heime på Eidsland halv åtte om kvelden.

Veret var lett skygga med små solglytt og mildt heile turen.

(Anne Margrete Eikefet)

### ORD TIL ETTERTANKE

«For så elska Gud verda at han gav son sin, den einborne, så kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

For Gud sende ikkje son sin til verda for at han skulle døma verda, men for at verda skulle verta frerlst ved han.

Johs. 3, 16-17



Ågot Gammersvik utanfor eit av dei gamle husa på Hardanger Folkemuseum.

(Foto: Anne Margrete Eikefet)



## JUL PÅ RØDLAND

Kyrkjebladet har teke turen til Knut Rødland, som nå bur i eldrebustad på Daletunet, for å høyra om juletradisjonar på Rødland i hans barndom. Knut Rødland er fødd 26. oktober i 1910, og fortel at han meiner å kunna hugsa tilbake til jul i 5-6-årsalderen. Han er gift med Marta som kom frå Dale og heitte Vaksdal Tidlegare. Rødland nemner også at vegen frå Dale til Rødland vart fedig i 1910.

### FØREBUING

-Kva tid merka de først at jula nærma seg?

-Det første merket var når me slakta grisens ei veke før jul og laga til syltflesk og blodpølse. Blodpølsa hadde me berre til kvardags. 3-4 dagar før jul vart det også skifta sengehalm i madrassene. Det var nesten som høgtid å ligga på ny halm. Den gamle halmen nyttar me under kalvane. Halmen var hausta på eigen åker. Det var tradisjon å ha omlag eit mål korn sjølv om det var berre omlag kvar tiande år at det vart grøde frå åkeren, fortel Knut Rødland.

-Ein av dei siste dagane før jul for far min, Nils, til Dale. Me borna var spente på kva han hadde med heim. Me fekk ikkje sjå det før julafta, men me kjende både eple- og appelsinlukt.

-Den siste søndagen før jul kalla me «skitnesøndag». Grunnen til at han vart kalla det, var at den helga skifte me ikkje klede sidan ne skulle lauga oss til jul.

-Noko som også var viktig før jul, var å skriva julekort. Det var skikk både å senda og motta julekort. Naboborna sende også julekort til kvarandre i posten. Ingen måtte gloymast, og fekk me kort frå nokon me ikkje hadde sendt til måtte me senda kort til desse straks over jul, forel Rødland.

### BAKING

-Korleis var det med baking?

-Den tid var det ikkje så vanleg med småkaker. Det var mest kling og fattigmenn (smultringar). I tillegg var det nokre harde kaker som eg ikkje hugsar namnet på. Kling eller knekakling som me kalla den vart saman med dravle berre nyttar

til fest og høgtid. Om hausten baka dei så mykje kling at me hadde eit heilt år.

### JULAFTA

-Me vil nå gjerne høyra litt om sjølve julafta?

-Etter frukost og andre gjeremål hadde me föremiddagsmat. Då åt me skjeva med godt pålegg og fekk kakao til.

### BADING

-Etter maten tok mor til å fyra i kjelen i eldhuset slik at dei skulle få varmt vatn til bading. Far førebudde jula i floren og la alt til rette slik at det skulle vera lettint å stella dyra i jula.

Klokka fire åt me julemiddag som var pinnekjøt. Til dessert fekk me plommesuppe. Det var verkeleg eit festmåltid.

Etter middagen sette mor og far igang med vassbering. Skikken var at den yngste skulle bada først. Eg var nestyngst og såleis andreemann i stampen. Då fekk me heilt nye underklede som aldri hadde vore nytta før. Etter kvart som me var ferdige sa me gledeleg høgtid til kvarandre. Det gjorde me frå dei minste til dei største. Dette var ein fin og god skikk som mor og far hadde med seg frå Eksingedalen. Så var det å setja seg roleg i stova og venta til alle var ferdige.

### PYNTING

-Nå var tida for juletrepynninga komen og den var det dei to eldste systrene mine. Ragnhild og Ingebjørg som sto fore. Då måtte me minste venta på kjokenet. Samstundes var far og mor i floren og gjorde kveldssjodnet. Me tykte alltid at det tok så lang tid, for dyra skulle ha ekstra godt stell ein slik kveld. Etter at dei kom inn og hadde skifta til helgeklede, kom appelsiner, raude amerikanske eple og nøter på bordet.

### GÄVER

Nå var tida komen til gäveutdeling. Me fekk for det meste nyttige bruksting som alle sette pris på. Når eg var omlag 10 år fekk eg skoyer til jul. Det var nesten for godt til å vera sant. Ein draum var oppfylt.

Etter presangutdelinga gjekk mor og systrene mine på kjokenet og bar inn knekakling og mykje anna godt. Men før me fekk byrja å eta, las far julevangeliet. Då song me også faste julesongar. Dei same songane gjekk att frå år til år. Gang rundt juletreet hadde me både julekvelden og andre gonger i julehelga.

(Meir neste side)

## JULEDAG

-Før mor og far gjekk i floren juledag, kom mor med «nøring» til oss borna på senga. Nøring var vanleg mat. Då fekk me også ljós på sengestolpen. Andre juledag gjekk dei eldste systrene mine med «nøring» til far og mor før dei gjekk i floren. Me tykte det var ein fin skikk. Juledag fekk me ikkje lov til å gå ut. Sidan me ikkje hadde høve til å koma i kyrkja i jula las far frå ei andaktsbok av Ludvig Hope ved middagsbordet. Den boka las han frå kvar søndag med unntak av når me var til Dale på gudsteneste.

## Annandag

Arnandag jul hadde me naboar til middag og kaffi. Då var det lutefisk og rjomegraut og kaffi med alt som skulle til. Den dagen kunne me borna endeleg boltra oss ute etter frukosten. Vitjing av slekt var ikkje mogeleg sidan dei budde i Eksingedalen, der både mor og far kom frå.



Familien med unntak av far Nils på mor Brita sin 75-årsdag 6. januar 1950.

fv. Knut Rodland, Jenny R. Lid, Ingebjørg R. Furnes, mor Brita, Ragnhild R. Lid og Guri Rodland.

Foto: (Ukjent)

## JULEFEST

Julefesten var ein av romjulsdagane. Før me fekk skule på Hatlestad i 1918 vart festen halden i heimane. Den gjekk då på rundgang. Der var det gang rundt juletreet, mat og opplesing. Far min og Kristbjørg Berge byttet om å lesa julevangeliet og knyta nokre tankar til det. Vanleg festtale vart ikkje vanleg før me fekk ungdomshus på Lid i 1929. Då var presten med oss. Han kom då frå Evanger. Han heitte Eliassen og reiste til Dale og gjekk opp til Lid. Etter 1929 var det felles fest for heile dalen på Lid.

På Lid var det same opplegget som me hadde før og opplesing frå bladet «Fjellbekken». Til slutt fortel Rødland at nyttårsafta var nøyaktig som julafta når det gjaldt maten. Kyrkjebladet takkar for praten og ynskjer Marta og Knut Rødland ei god jul og eit godt nytt år.

(R.K.)

## HJELP TIL Å LEVA - ELLER HJELP TIL Å DØY?

Eg skriv desse orda tre dagar etter ein dokumentarfilm på TV: Ein lege frå Nederland tok livet til ein pasient. Pasienten var alvorleg sjuk og sa at han ville døy.

Mannen hadde utsett dagen gong på gong. Eit teikn på tvil? Eit naudrop?

Pasienten synte teikn til depresjon. Men ikkje eit ord vart sagt i filmen om sjelesorg eller psykiatrisk hjelp, eller om tilbod til å koma ut av isolasjonen. Kvifor hjalp dei ikkje mannen til å leva?

Han var redd for å verta ei byrde for kona si. Kvifor vart det ikkje sagt noko om å gje han avlastning? Var det lettare å la mannen døy? Ei undersøkjing frå Nederland i 1993 syner at eldre, handikappa og dødssjuke pasientar kjänner eit press til å be om å få døy når dei ikkje lenger kan klara seg sjølv.

Sjølv har eg sett menneske som var meir hjelplause og svenn mannen på TV, men likevel hadde dei ei oppgåve i livet. Om ikkje anna hadde dei ei oppgåve i det å vera til mellom oss. Dei var eit band til fortida, ei påminning om gode verdiar. Og vi hadde råd til å ta vare på dei.

Var det nokon som fortalte den nederlandske mannen at han var verdifull?

Gud vart ikkje nemnt i filmen. Kan det vera slik at dei som valde å døy, aldri visste kvifor dei levde?

Kjell Arne Norum



Marta og Knut Rødland i bustaden sin på Daletunet.

Foto: (Ragnvald Kringlebotten)



## UTGJEVINGAR 1995

Nr. 1, veke 8, Februar (Fastenummer)

Nr. 2, veke 14, April (Påskenummer)

Nr. 3, veke 22, Mai (Pinsenummer)

Nr. 4, veke 27, Juli

Nr. 5, veke 36, September

Nr. 6, veke 42, Oktober

Nr. 7, veke 50, Desember (Julenummer)



## PRESTEVITJING

Kyrkjebladet har teke turen opp til sokneprest Frode Kvamsøe for å hoyra litt om oppvekst, utdanning og tida han har vore prest.

### BARNDOM

-Eg er fødd og oppvaksen i Sandnes i Rogaland. Eg vart fødd veslejulaftan 1962, fortel Kvamsøe.

-Så det var vel ikkje tvil den jula kva som var den finaste gåva?

-Eg trur dei sette pris på den, ja.

-Har du alltid vore ein kristen?

-Eg er vaksen opp i ein kristen heim og har nok alltid hatt trua på Jesus i meg, men ei meir bevisst tru på Jesus fekk eg medan eg gjekk i niande klasse på ungdomsskulen. Eg var også aktivt med i barne- og ungdomsarbeid.

### STUDIAR

-Kva tid tok du avgjerda om å studera teologi?

-Etter at eg var ferdig med vidaregåande i 1981 var eg i militæret og arbeidde også på Øglænd sin sykkelfabrikk medan eg tenkte på framtida. I slutten av 1983 sokte eg opptak på Misjonshøgskulen i Stavanger, og første halvår i 1984 hadde eg halvstilling som ungdomsarbeidar i min eigen kyrkjelyd. Hausten 1984 tok eg til med å studera teologi.

-Kvífor teologi?

Det kom av at eg måtte ta ei avgjerd om framtida, og eg visste berre at eg ville utdanna meg til å kunna gjera ein innsats i Guds rike. Men det gjekk lang tid før det vart klårt for meg at det var teolog eg skulle vera.

-Du har tidlegare sagt at du saman med familien eigentleg skulle reisa ut til Hong Kong som misjonær for NMS. -Kva var grunnen til at de ikkje reiste ut?

-Me hadde ikkje heilt ro for at det var det rette for oss, men me er framleis opne for å tena misjonen.

-Kva var grunnen til at du vart prest i den norske kyrkja?

-Då det ikkje vart teneste ute, var det mest

naturleg å gå inn som kyrkjelydsprest i kyrkja.

### NORD-NOREG

-Kvífor drog du til Nord-Noreg i di første prestegjerning?

-Som nyutdanna prest hadde eg visse område eg kunne tenkja meg å vera prest i. Dessutan var eg fasinert av den nordlege landsdelen vår. Eg hadde mellom anna vore der i militæret. Kona mi, Kristi, synest også det kunne vera interessant å prøva Nord-Noreg. Grunnen til at me hamna i Måsøy, var at eg kunne tenkja meg eit lite prestegjeld, når det gjaldt talet innbyggjarar.

-Kvífor drog de så sørover att?

-Grunnen til det var at Kristi fekk så store problem med mørketida, og at me ikkje kunne fortsetja å bu i den delen av landet.

### VAKSDAL

-Kvífor hamna de i Vaksdal?

-Eg hadde søkt to stillingar, i Vaksdal og Fjaler i Sunnfjord. Grunnen til at det vart Vaksdal var at Bispedommerådet som har ansvar for både Vaksdal og Fjaler tilsette meg i Vaksdal. Dessutan ligg Dale, der me bur, lageleg til kommunikasjonsmessig, og me kom nærmere familiene våre. Gode butilhøve talde også med.

-Korleis har inntrykket vore?

-Det verkar som at det er eit godt kristenarbeid, og at mange kristne gjer ein stor frivil innsats.

-Kva ynskjer du for kristenlivet i Vaksdal?

-Eg ynskjer at me som enkeltkristne og som kyrkjelyd har eit klårt vitnesbyrd om Jesus som verda sin frelsar, og at endå fleire kristne må sjå verdien av å delta jevnleg i gudstenesta.

-Andre behov du ser?

-Først må eg bli betre kjent med arbeidet i kyrkjelydane for eg gjer meg opp noko meinig om kva eg skal gjera vidare, seier Frode, som også legg til at han ikkje har noko fritidsaktivitetar forebels. Arbeid og familie krev meir enn nok.

### PRESTEKONA

Det står alltid ei kvinne bak heiter det. Så også i familien Kvamsøe. Me spør Kristi om kor ho vaks opp.

-Eg vaks opp på Kalandseid i Fana. Tillik med Frode er eg vaksen opp i ein kristen heim, og har vore bevisst i mi kristentru frå eg byrja å reisa på leiarar i Sætervika i 8-9-årsalderen, fortel Kristi.

-Har du vore med som leiar i kristent arbeid?

-Ja, eg har vore med både i yngstes og yngres i Indremisjoneni.

-etter ungdomsskulen, kva gjorde du då?

-Då var eg praktikant inntil eg gjekk på Framnes Folkehøgskule då eg var 18 år. Der gjekk eg på ei line med hovudvekt på husstellfag. I tillegg har fleire kurs slik at eg har ei utdanning som tilsvavar helse- og sosialfag. Dessutan var eg kjøkkenassistent på Framnes fra 1987-1989 med tanke på utdanning innan kokkefaget. Men grunna helsemessige årsaker må eg la det vera. Det eg kunne tenkja meg var var å ta førskulelærarutdanning.

### SPANIA

-Frode fortalte på innsetjingsfesten at de traff kvarandre under Spanias heite sol, når var det?

-Første gongen var i 1987 då me tilfeldig traff kvarandre på ferie på Solgården i Spania. Seinare var me i lag der to somrar til, men då arbeidde me der.

-De har to born, kva heiter dei?


-Det er Kristian som vert 4 år nå i desember, og Håkon som vart 1 år i april i år.

-Har du tenkt å engasjera deg i fritidsaktivitetar her du nå bur?

-Først vil eg «snusa» litt rundt og finna kva som skjer både på kristenfronten og i andre organisasjoner, dessutan må eg først koma meg på topp helsemessig. Enkelte har også ymta om at eg burde ta sertifikat for å vera litt meir mobil, fortel Kristi til slutt.

Kyrkjebladet takkar for praten og ynskjer Kristi, Frode, Kristian og Håkon ei god jul og mange gode år i Vaksdal kommune.

(R.K.)



Familien Kvamsøe samla i sofakroken. Fv. Kristi, Kristian, Frode og Håkon.

Foto: (Ragnvald Kringlebotten)

## BARNESIDE



© Joel Kaufmann / Moses Media Oslo

### JULEKONKURRANSE

Nedanfor finn du nokre songar, du skal finna ut korleis dei byrjar og skriva det ned. Send så svaret til:

Kyrkjeblad for Vaksdal, v/ Kringlebotten,  
5273 Stanghelle, innan 20. januar 1994.

Bokpremie til dei 2 først uttrekte rette svara.

1. ...bryter mørkets makt, mørktets makt
2. ...den Gud og Herre god
3. ...stig inn om her er smått
4. ...denne tåredimme dal
5. ...oss i himmelen rom
6. ...vart og Guds kjære barn

### «JULEVINDAUGE»

Har du lyst på eit «julevindauge» på rommet ditt? Få med deg ein voksen til å hjelpe! De treng silkepapir i fine fargar, ei saks og teip som er lett å fjerne.

Av silkepapiret kan de klappe ut snøkrystallar. Brett papiret fleire gonger, og klipp i veg - små eller store.

Nar snøkrystallane vert teipa opp i vindaugen, lyser det fint gjennom dei.



### LØYSING JULEKONKURRANSE

1. ...bryter mørkets makt, mørktets makt
2. ...den Gud og Herre god
3. ...stig inn om her er smått
4. ...denne tåredimme dal
5. ...oss i himmelen rom
6. ...vart og Guds kjære barn

Namn: \_\_\_\_\_

Adr: \_\_\_\_\_

Alder: \_\_\_\_\_



«Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjordt oss.» Luk. 2,15.



4-åringar frå Dale og Stanghelle fekk «Barnas Kyrkjebok» ved gudstenesta i Dale Kyrkje 20. november.

Foto: (Ragnvald Kringlebotten)



Fv. Magnar Flatås, Jenny Stammesfet Berntzen, Hjørdis Steinsland Høyland, Johanna Flatekval Samuelsen, Martin Stammesfet, Aslaug Hesjedal Tøsse Sundvor, Sigbjørg Eide Kristiansen, Haldis Gammersvik Færøy og Oddbjørg Stien Solhaug.

Foto: (Høyland)



60-års konfirmantar samla i Dale kyrkje ved gudstenesta 9. oktober.

Framme fv. Gerda Rorbakken Herfindal, Borghild Rorbakken Romslo og Klara J. Helle.  
Bak fv. Nils Helle, Anna Utskott Fadnes, Mathilde Hille, Asbjørn Kleveland og sokneprest Frode Kvamsoc.

Foto: (Ragnvald Kringlebotten)



50-års konfirmantar samla i Dale kyrkje ved gudstenesta 9. oktober.

Framme fv. Nora Danielsen, Dora Margrethe Rønhovde Gunnarson, Astrid Rolland Fosse, Doris Verpelstad Tveit, Grethe Fotland og Svanhild Dalseid Sunnarvik.  
Bak fv. Marta Haug Brudvik, Martin Berge, Jakob Stanghelle, Torvald Kvamme, Svanhild Dalseid, Arnold Takvam, Adler Vägenes, Johannes Lid, Bjørgfrid Furnes Flostrand Hansen, Arthur Reigstad, Åge Haug, Willy Langhelle og sokneprest Frode Kvamsøe.

Foto: (Ragnvald Kringlebotten)

## ISRAELSTUR PÅSKA 1995 ?

Ein tur til dei bibelske stadane i Israel har nok mange drøymt om og tenkt på. Eller ein har vore der og skulle gjerne ta ein tur til. Neste år kan det verta røyndom !

Våren er den flottaste tida å vitja Midt-Austen på og påska med sine mange fridagar gjev høye til reise. Og fint er det å oppleva påskebodskapen med sin sterke tilknytning til dei historiske stadane.

### Reiseleiarar


Sokneprest John Ove Thaule frå Dale som no er sokneprest på Vossestrand, er reiseleiar saman med fungerande kretssekretær i Israelsmisjonen, Eldbjørg Therkelsen. Begge har fleire turar og opphold i Israel bak seg. Dessutan er det med skandinavisk-talande israelsk guide.

### Pris

For 13 dagar (Torsd.6/Tirsd.18.april)med alle utgifter t/r Flesland Flyplass: Ca.11.000kr.  
(Alle turar, halv pensjon, avgifter  
inngangspengar,  
tips, m.m.)

### Påmelding

og nærmere opplysningar til soknepr. John Ove Thaule, 5714 Oppheim,  
**tlf. 56522473**, el. Israelsmisjonen **tlf. 55230646**.  
Det er avgjerande for turen at ein innan midten  
januar gjev ei uforpliktande påmelding slik  
at ein ser om det vert nok deltarar.  
Velkommen til triveleg tur "NESTE ÅR I  
JERUSALEM" !




**KIRKEN SOS**  
**NYE ÅPNINGSTIDER**  
 PÅ HVERDAGER KAN DU NÅ RINGE  
 TIL OSS NESTEN HELE DØGNET  
**SØNDAG-FREDAG KL 19.00-15.30**  
**FREDAG-SØNDAG KL 19.00-08.00**  
**TLF 55 32 32 00**  
 TEKSTTELEFON FOR DØVE 55 32 56 97

**GI BARNA  
SALTO TIL JUL!**

Det kristne barnebladet  
for gutter og jenter  
mellan 7 og 13 år.

**ÅRETS JULETILBUD BESTÅR AV:**

- Årsabonnement på  
SALTO (11 nummer)**
- SALTOs julehefte**
- Den spennende boken  
«Kidnappet» av  
Jan Tore Horpestad**
- Pris kr. 325,-**

For bestilling skriv/ring:

**SALTO**  
Fagerlibakken 1  
3046 Drammen  
tlf. 32 89 61 60  
fax 32 89 61 62

**JULEFESTAR****Bergsdalen**

Sjå oppslag for stad, dato og klokkeslett.

**Eidsland**

Sjå oppslag for stad, dato og klokkeslett.

**Eksingedalen**

Bergo skule

**3. juledag.** Sjå oppslag for klokkeslett

**Dale Bedehus**

**Søndag 8. januar kl. 16.00**  
Søndagsskufest. Alle er hjartelag velkomne

**Stanghelle Bedehus**

**Søndag 8. januar kl. 16.00**  
Barnelaget, Søndagskulen og Indremisjonen.  
Kr. 10,- pr. stk. Maks 50,, pr familie. Tale F. Kvamsøe

**Straume**

Forsamlingshuset **3. juledag kl. 16.00**  
Søndagsskufest

**Vaksdal Bedehus**

Julefest ved Barnelaget og Søndagskulen  
**29. desember kl. 17.00.**  
Tale ved Reidun Skurtveit.  
Alle hjartelag velkomne

Eldrefest ved Soknerådet  
**Laurdag 7. januar kl. 17.00**  
Har du bruk for skyss?, ring:  
**56 59 70 50 eller**  
**56 59 71 50.**  
Alle er hjartelag velkomne.

**SELSKAP,  
MØTE,  
FØDSELSDAG?**

Snittar kr. **14,-**

Koldtbord frå kr.  
**160,-**



HEIMELAGA MAT TIL KVARDAG OG FEST

5273 Stanghelle. tLF. 56 59 53 33

**Judy Baer:**

**Lexi flytter til byen**

**Lexi får trøbbel**

ELIZABETH har fått sin etterfølger.  
Bøkene om Lexi handler om sorger og gleder, venner og uvenner, kjærighet og hat - dessuten skjer det alltid noe mystisk....

**Følg med fra begynnelsen!**

Ib kr 58,-



**LUNDE FORLAG**



**PETERSEN & YPSØY A/S**

BOK - PAPIR - KONTOR - FOTO - GÅVER

5280 DALEKVAM - 5250 LONEVÅG

**GOD JUL**

Redaksjonen takkar for fylgje i 1994, og ynskjer lesarar og andre god jul og godt nytt år. Velkomne att i 1995.

**STOFF TIL NESTE NR.**

(fastenummer) må vera kome redaktören i hende innan 27 januar 1995.

Bladet kjem ut i veke 8 som byrjar med 20. februar.  
Ragnvald

**SLEKTTERS GANG****DØYPTE****DALE**


06.11 Sondre Bjordal  
20.11 Johan Rønhovde  
20.11 Mikal Paulsen

**STAMNES**

09.10 Lisa Natalie Johnsen Lunde

**VAKSDAL**  
13.11 Jonas Skjerveggen Pahlm

**EKSINGEDELEN**  
16.10 Hege Mari Lavik

**Samtale med presten**

Testane står til disposisjon for samtale.  
Avtal helst på førehand.  
Prestane har teieplikt.

**Vaksdal prestegjeld**

Sokneprest  
Frode Kvamsøe tlf. 56 59 61 20.  
Res. kap. Kjell Arne Norum  
tlf. 56 59 70 88 Mobiltlf.: 945 02992.  
Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag og torsdag kl. 9-13.  
HUGS, mandag er presten sin fridag.

**AVLIDNE****DALE**

30.09 Elisabeth Gjermo f. 1911


**BERGSDALEN**

13.10 Jenny Lid f. 1913

07.11 Per Gudleik Hatlestad f.1918

**VAKSDAL**

01.11 Sigvald Aasheim f.1908



# VELKOMEN TIL KYRKJE



## 24.desember - Julaftan

**NESHEIM kl.12.** Fam.gudst. Norum. Offer til Det Norske Misjonsselskap - Bergen krets.  
**STAMNES kl.13.30** Fam.gudst. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
**DALE kl.15 og 16.** Fam.gudst. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
**VAKSDAL kl.16.** Fam.gudst. Norum. Offer til Kirkens Nødhjelp.

## 25.desember - 1.juledag

**DALE kl.11.** Høgtidsgudst. Norum. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.  
**VAKSDAL kl.11** Høgtidsgudst. Kvamsøe. Nattv. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

## 26.desember - 2.juledag

**STAMNES kl.11.** Høgtidsgudst. Kvamsøe. Nattv. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.  
**EKSINGEDEALEN kl.11.** Høgtidsgudst. Norum. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
**BERGSDALEN kl.16.** Høgtidsgudst. Norum. Offer til AAN - Alternativ til abort.

## 31.desember - Nyårsaftan

**VAKSDAL kl.23.15** Kvamsøe.  
**STAMNES kl.23.15** Norum.

## 1.januar - Nyårsdag

**EIDSLAND kl.11.** Kvamsøe. Nattverd.  
**DALE kl.18.** Norum.

## 8.januar - Kristi openberringsdag

**VAKSDAL kl.11.** Norum. Nattverd.  
**NESHEIM kl.11.** Kvamsøe. Nattverd

## 15.januar - 1.sønd. e. Kristi

**openb.dag**  
**STAMNES kl.11.** Norum. Nattverd.

**BERGSDALEN kl.11.** Kvamsøe. Nattverd.  
**DALE kl.18.** Kvamsøe. Nattverd.

## 22.januar - 2.sønd. e. Kristi

**openb.dag**  
**EKSINGEDEALEN kl. 11.** Norum. Nattverd.  
**VAKSDAL kl. 18.** Forbønsgudsteneste. Norum.

## 29.januar - 3.sønd. e. Kristi

**openb.dag**  
**DALE kl.11.** Kvamsøe. Nattverd.  
**EIDSLAND kl.17.** Kvamsøe. Nattverd.

## 5.februar - Vingardssøndagen

**VAKSDAL kl.11.** Familiegudsteneste. Kvamsøe  
**NESHEIM kl.11.** Familiegudst. Norum.  
**STAMNES kl.17.** Familiegudst. Kvamsøe.

## 12.februar - Såmannssøndagen

**DALE kl.11.** Familiegudsteneste. Norum.

## 19.februar - Kristi forklæringsdag

**BERGSDALEN kl.11.**  
Familiegudst. Kvamsøe  
**VAKSDAL kl.11.** Norum. Nattverd.  
**STANGHELLE kl.18.** Norum. Nattverd.

## 26.februar - Søndag før faste

**(fastelavnssøndag)**  
**DALE kl.11.** Norum. Nattverd.  
**EKSINGEDEALEN kl.11.** Kvamsøe.  
**EIDSLAND kl.17.** Norum. Nattverd.